



Odd Geir Feste  
Festevegen 431  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2276 - 17/24991

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
05.09.2017

## Førebels svar på søknad om oppføring av reiskapshus - gbnr 70/1 Feste ytre

Tiltak: Reiskapshus  
Byggjestad: Gbnr: 70/1  
Tiltakshavar: Odd Geir Feste

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 18.07.2017. Vi beklagar sein tilbakemelding i saka.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### Søknadsskjema

Søknadsskjema som er nytta gjeld søknad om tiltak som krev bruk av ansvarlege føretak. Berre første del av søknadsskjema er utfylt slik at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst. Vi forstår søknaden til å gjelda reiskapshus knytt til landbruksdrifta på garden og at tiltaket såleis kjem inn under reglane for tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkja om. Vedlagt følgjer søknadsskjema som de må fylla ut og returnera.

### Nabovarsel

Gbnr 70/44 (fv 404) er ikkje varsla. Varsel må sendast Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Sjå vedlegg med kontaktinformasjon.

Vi kan ikkje sjå å ha mottatt gjenpart av nabovarsel. Dette må ettersendast. Skjema finn du på dibk.no. Søknaden er send inn før nabofristen på 14 dagar var ute. Det må difor gjerast greie for om det ligg føre nabomerknader.

### Situasjonsplan

Innsend situasjonsplan har ikkje tilfredsstillande kvalitet. Vedlagt følgjer kart som du kan teikna tiltaket inn på. Du må føra på kartet bygget sine ytre hovudmål, avstand til fylkesvegen (midt veg) og visa tilkomsten til bygget.

### Teikningar



Teikningane har ikkje tilfredsstillande kvalitet. Det må leverast inn målsette plan-, snitt- og fasadeteikningar og terrengprofil som er i målestokk. Terrenghøgden kan teiknast inn på fasadeteikningane. Høgdeplasseringa av bygget må gjevast opp ved kotehøgd. Det bør også gjerast greie for materialbruk på fasadar.

#### Veg, vatn og kloakk

Det må gjerast greie for om bygget skal ha innlagt vatn. Kor vidt tiltaket krev avkjøringsløyve frå fylkesveg 404 vil verta vurdert ut frå bruken av bygget. Det må difor gjerast greie for planlagt bruk.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.11.2017. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Situasjonskart gbnr 70-1  
Søknadsskjema tiltak utan ansvar  
Eigarinformasjon gbnr 70-44

#### **Mottakarar:**

Odd Geir Feste

Festevegen 431 5912

SEIM